



ALVER KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

**Vår dato:** 19.01.2023

**Vår ref.:** 202112098-8 Oppgi ved kontakt

**Dykker ref.:**

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes,  
22959527, toot@nve.no

## **NVE si fråsegn til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Åtun - Gnr 108 bnr. 161 - Alver kommune**

Vi viser til brev datert 21.12.2022. Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Åtun. Føremålet med planframlegget er å regulere for 25 bueiningar fordelt på to bygg med tilhøyrande leike- og uteareal.

I oversendingsbrevet skriv de følgjande: «*Vi ber om at NVE særskilt ser på følgjande: Jf. føresegns § 3.1.1.12 c i planframlegget er alminneleg skjøtsel av vegetasjon langs bekken tillate. Vi ynskjer tilbakemelding fra aktuelle høyningsinstansar om dette er i strid med vannressursloven § 11.*».

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader fra overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### **NVE sin konkrete uttale**

#### Om kantvegetasjon

Kravet i vassressurslova § 11 om å oppretthalde kantvegetasjon er ikkje til hinder for at kantvegetasjonen kan haustast/skjøttast. Forutsetninga er at skjøtselen ikkje aukar avrenninga til vassdraget eller fører til at biotopen vert endra. NVE kan difor ikkje sjå at føresegna «*Alminneleg skjøtsel av vegetasjon langs bekken (BSV) er tillate*» skal vere i strid med vassressurslova § 11.

Intensjonen til vassressurslova § 11 er uttrykt i første ledd, og det er å motvirke avrenning og gi levestad for plantar og dyr. Kommunen er gjeve mynde til å fastsette kva breidde



kantvegetasjonen skal ha. Når breidda skal fastsettast så er det ei vurdering som må ta utgangspunkt i at kantvegetasjonen skal oppretthalde denne funksjonen, dvs. hindre avrenning og gi levestad for planter og dyr. Denne breidda kan fastsettast i rettsleg bindande planar etter plan- og bygningslova.

I føresegnehenvetene til reguleringsplanen bør de i tillegg til formuleringa i § 3.1.1.12 c presisere at skjøtselen ikkje skal føre til at avrenninga til vassdraget aukar, og at biotopen ikkje må endrast. Sidan skjøtsel nemnd i § 3.1.1.12 c då er kopla til kravet i vassressurslova § 11 rår vi til at de fastset breidda på kantvegetasjonen, og markerer denne i det juridisk bindande plankartet. Slik får de eit eintydig område der føresegna gjeld. De kan til dømes markere område for kantvegetasjon som grønstruktur, jf. pbl § 12-5 nr. 3.

Vi viser elles til NVE rettleiar [2/2019 Kantvegetasjon langs vassdrag](#).

### **Meir informasjon**

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmande. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

### **Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Toralf Otnes  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### **Mottakarar:**

ALVER KOMMUNE

### **Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND